



## Notat

Dato: 30.11.2018  
Arkivsak: 2018/12018-5  
Saksbehandlar: heilars

---

<b>Til:</b>	Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannenn

---

### Tillegg til sak - ekstraordinær stønad til Bergen Vitensenter AS-VilVite

Bergen Vitensenter AS - VilVite har anmoda om at Hordaland fylkeskommune bruker dei handlingsrom som måtte finnast for å sikre at VilVite kan gå inn i ein kritisk periode prega av stor fornying og høg aktivitet, med ein sunn driftssituasjon. Dei ber om at driftstilskot for 2018 som følgjer av partnerskapsavtalen, kr 3.000.000, blir supplert med eit ekstra tilskot.

Fylkesrådmannen tilrår ekstraordinær stønad til VilVite på 400 000kr. Ved å redusere tilskotet til KODE si støvsanering til 500 000kr vil det vere rom for å gje stønad til både VilVite og KODE.

#### Nytt forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet løyver kr 500.000 til prosjektleiing av arbeid med støvsanering til KODE kunstmuseer og komponisthjem, org. nr. 990 269 343, frå utvalet sin rådveldekonto.
2. Fylkesutvalet løyver kr 400 000 til Bergen Vitensenter AS- VilVite, frå utvalet sin rådveldekonto

#### Om VilVite

Hordaland fylkeskommune er eigar i Bergen Vitensenter AS- VilVite, med ein eigarandel på 19%. Dei andre eigarane er; Bergen kommune – 29,56 % Universitetet i Bergen – 19 % , Høgskulen på Vestlandet – 19 %, Bergen Næringsråd – 0,76 %, Bergen Børsfond – 8,45 %, og Jacobs Douwe Egberts Norge AS – 4,22%. VilVite har eit samfunnsoppdrag som blir stadig viktigare i ei tid prega av omstilling: *VilVite skal auke den allmenne interessa for naturvitenskap og teknologi, og særleg bidra til at fleire unge vel utdanning i MTN-fag. Det trenger Vestlandet og Norge for verdiskaping i framtida.*

VilVite skal jobbe målretta. For å oppfylle målet om å auke rekrutteringa til realfag, vil dei prioritere å appellere til ungdom i større grad. I dag når dei ungdom gjennom tilbodet til skulene (ungdomsskule og vidaregåande), men ser at potensialet for å auke talet på fritidsgjestar over 12 år er stort. VilVite er god på å vekke realfagsinteressen blant de mindre borna. Interessa må holdas ved like til skulegangen er ferdig. Som alle andre publikumsretta verksemder må VilVite stadig fornye sitt tilbod. Det er ei kjensgjerning at fleire av dagens installasjonar i den opne utstillinga er frå 2007. Dei besøkjande skal framover oppfatte at *det alltid er noko nytt og spennande på VilVite* – sjølv om dei besøkjer VilVite fleire gonger i året. Vitenskap og teknologi utviklar seg i et lynande tempo, og påverkar dei besøkjande i stadig meir gjennomgripande grad. VilVite skal hjelpe gjestane å forstå verda dei lev i og dei grunnleggande vitenskapelege prinsipp. Tyngdekrafta er fortsatt relevant, sjølv om vi utviklar kvantedatamaskiner. VilVite må

og oppfatast som aktuell og moderne i måten ViIVite sjølv nyttar teknologi til visning og interaksjon i utstillingar og aktivitetar.

**Bergen vitensenter sine oppgåver og bidrag til partnerskapen med Hordaland fylkeskommune**

ViIVite skal som ein del av sitt virke bistå med fleire element. Dei skal tilby eit breitt læringsprogram forankra i læreplanen innanfor dei ulike MNT-fag. Kommunisere tilbodet godt og tenleg til skulane i fylket. Tilby billetter til elevar i vidaregåande skular. Bidra til at fleire skaffar seg meir relevant kompetanse, ved å gi elevar og unge innsikt til betre å velje riktig utdanning ved å gjennomføre supplerande undervising til skulane. Inspirere til meir entreprenørskap og innovasjon ved å skape nysgjerrigheit blant born og unge. Vere eit knytpunkt mellom elevar/born og næringslivet. Bidra til å auke forståing for fagområda sine betydingar i befolkninga generelt. Vidareutvikle ViIVite som ein attraksjon for regionen.